
Fra: Solgunn Tjore <Solgunn.Tjore@hfk.no>
Sendt: 22. juni 2016 09:55
Til: Solgunn Tjore
Emne: TAF i skulebruksplanen for Hordaland fylkeskommune

Kategorier: Gul kategori

Til TAF-bedriftene

«Eg viser til uttalen om skulebruksplanen for Hordaland fylkeskommune som de finn nedanfor. Frist for å koma med innspel til denne planen er 1. juli 2016.

Det som uroar oss, er at TAF ikkje er nemnt i høyringsutkastet, men er nemnt i vedlegg 1 (« Kriteria for vurdering av skulestruktur i vidaregående opplæring»). Men her er det berre skrive at TAF-tilbodet ikkje må aukast då det ikkje er «økonomisk forsvarleg». Talmaterialet i høyringsutkastet syner likevel ikkje spor av TAF. Dette kan tolkast på mange måtar, vi vel likevel å fokusera på å arbeida for at TAF held fram som utdanningstilbod ved Knarvik vidaregåande skule.

I kursiv finn de eit utkast til formulering som de eventuelt kan nytta dersom de sender inn ein eigen høyringsuttale. De kan også nøya dykk med å senda ei kort støttefråsegn der de skriv nokre få ord om kva TAF-utdanninga har betydd for dykkar verksemnd. Endeleg kan de berre svara på denne eposten og skriva at de ønskjer at TAF-utdanninga held fram ved Knarvik vidaregåande skule.

I skulebruksplanen (<http://www.hordaland.no/nn-NO/utdanning/vgs/skulebruksplanen2/>) som Hordaland fylke har sendt på høyring, er ikkje TAF ved Knarvik vidaregåande skule nemnt. Vår verksemnd er oppteken av at dette tilbodet får halda fram ved Knarvik vidaregåande skule og at det også vert vidareutvikla. For vår bedrift har TAF vore svært viktig for å rekruttera elevar og lærlingar til vår verksemnd. Dei har vore svært nyttige for oss. Dei har utført viktig arbeid i verksemda og TAF har bidratt til å auka interessa for yrkesfag i den vidaregåande skulen fordi TAF-elevane ofte har høge karakterar frå ungdomsskulen. Tidlegare TAF-elevar er og vil verta viktige når dei kjem ut på arbeidsmarknaden med høgskule- og universitetsutdanning bak seg. Nettopp deira røynsle som fagarbeidarar gir dei ei forståing for arbeidet som vår verksemnd gjer og dei blir seinare viktige tilsette som leiarar

Vi meiner TAF-tilbodet må halda fram ved Knarvik vidaregåande skule fordi det der er bygd opp ein solid fagleg kompetanse innanfor organisering av dette tilbodet. Dette gjeld både i tilhøve til elevane som går på TAF, men også dei meir enn 60 verksemndene som deltar i TAF-utdanninga. Kontakten mellom vår bedrift og TAF-utdanninga har vore ein døropnar for kontakt og samarbeid på mange område; noko som kjem alle partar til gode. Ved Knarvik vidaregåande skule går godt over 200 av elevane på skulen på TAF og bidrar til at realfaga får ein sterkare posisjon i skulen og i regionen. TAF-utdanninga er krevjande og må ikkje spreiaast på for mange skular.

Vi vonar de kan senda oss ein uttale seinast onsdag 29. juni.

Vennlig hilsen

Bjørn Brekkan

Knarvik vidaregåande skule
TAF-ansvarleg/pedagogisk leiar
Telefon: +47 56355404
Mobil:+47 90570582»